

HOVUDUTSKRIFT

FOR SØRE SUNNMØRE REINHALDSVERK

STYREMØTE

Møtedato: 07.september 2022

Tidspunkt: kl. 0900 – 1200

Som medlemmer møtte: George Fulford, Anne Holstad, Camilla Storøy, Margareth Leinebø, Kjartan Grimstad og Bjarte Uglum

Følgjande medlemmer møtte ikkje: Arnljot Muren

Frå administrasjonen møtte: Arnstein Myklebust

Andre:

Saker som vart handsama: Sak nr S24/22 – S29/22

Vedtaksaker:

SAK NR S24/22 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

Saksbehandling:

Protokoll fra forrige møte skal rettast, siste avsnitt i sak 23/22 om eige vedlegg fjernast.

Vedtak:

Innkalling og sakliste vart godkjend.

SAK NR S25/22
PERIODEREKNESKAP PR. 30. JUNI 2022.

Rekneskapet pr. 30. juni 2022

Kommentarar til rekneskapet ligg som vedlegg til saka.

Regnskapet ble gjennomgått. Det omfatta perioderegnskap for hushaldning, næringsverksamheit og samla resultat.

Resultatet var noko bedre enn budsjettert for både næring og hushaldning. Det vart kommentert høgare kostnader for avsetning av fraksjonar samt økte kostnader til drivstoff.

Styret var godt fornøgd med at administrasjonen hadde knytta til seg relevant kompetanse for å kvalitetssikre perioderegnskapet og periodiseringar.

Unntatt offentlegheit, jfr. offentleg-lova § 14, første ledd.

Tilråding til vedtak:

Styret godkjenner rekneskapet pr. 30. juni 2022.

SAK NR S26/22
PROGNOSE 2022

Kjende og sannsynlege avvik er tatt med i prognosen (med utgangspunkt i reknskapet pr. 30. juni 2022). Avskrivningar er tatt fullt inn frå aktiveringstidspunktet. Ny prognose kjem på neste styremøte.

Styret ynskjer at prognose personalkostnader vert kvalitetssikra og gjennomgått med tanke på nye stillingar som er oppretta i 2022, samt gjennomførte lønnsjusteringar i 2022. Styret ynskjer at det vert kvalitetssikra at alle kostnader knytt til lønnsoppgjeret 2022 er hensyntatt.

Styret ber også om at inntektssida på husholdninger (gebyr) blir kvalitetssikret,

Prognosen pr. 30. juni 2022 er vedlagt – og unntatt offentlegheit, jfr. offentleglova § 14, første ledd.

Vedtak:

Styret tar perioderegnskapet til etterretning. Styret ber om at det blir fremlagt ny prognose til neste møte,

SAK NR S27/22
BUDSJETT 2023 OG GEBYRREGULATIV 2023

Eit relativt høgt sjølvkostfond gir grunnlag for ein lav gebyrvekst for hushaldning for ei tidsperiode,

Det er i h t fremlagt forslag lagt opp til ein svak vekst i gebyra i tråd med gjeldande økonomiplan.

I forslaget til budsjett for 2023 finn ein følgjande hovudpunkt:

- Det er budsjettert med 1% gebyrauke på hushaldning i 2023 i tråd med gjeldande økonomiplan
- Heile kostnaden med sikring av deponiet i Fløstranda vert tatt i 2023. Det vart i 2022 avsett 2,5 mill fra SSR til dette arbeidet. Ulstein kommune sin andel av dette arbeidet kjem i tillegg med 20% av dei totale kostnadane.
- Av investeringar finn vi bl anna utskifting av bil 20 (krokbil) som no er over åtte år gammal og begynner å få behov for større reparasjonar. Å ha forutsigbarheit og å kunne handtere størst mogleg grad av transport sjølve vert viktig i tida framover. Dette er og eit strategisk val sidan leveringstider på bilar no er ekstremt lang grunna verdssituasjonen. Ved å inngå kontrakt på leasing av ny bil no er det ikkje forventa at denne er levert før tidlegast seinhausten 2023/vinter 2024.
- Forbrenningsavgift (innført av myndigheitene 2022) er hensyntatt i budsjettet for 2023. Denne utgjør 106 kr/tonn Co2.
- Det er budsjettert med mottak av matavfall fra Vanylven kommune i 2023, noko som vil utgjere eit mindre volum, anslagsvis 300 t/år. (ca 500.000,- i inntekter).
- Vi har over fleire år budsjettert med svært høge renteutgifter på lån. Sjølv om vi no forventer ein betydeleg vekst i tida framover har vi valt å ta ned denne posten noko og legg opp til auka renteutgifter på 300.000,- i 2023.
- Igangsetting av ny presselinje med tilhøyrande sorteringslinje hausten 2022 vil gi oss betre betalt for fraksjonane innanfor papp/papir/plast, samt gi oss lågare transportkostnader for desse fraksjonane i 2023.
- Det er budsjettert med noko høgare løns og personalkostnader grunna ekstra resursar i drift og administrasjon samt drift av sorteringslinje for papp/plast. Generell lønsvekst er estimert til 3,5%

- Myndigheitskrav og marknadssituasjonen aukar stadig kostnadene på enkelte fraksjonar (t.d. på behandling av farleg avfall og stadig nye og strengare krav til behandlingsanlegg). T.d. dyrare matavfall, utsortering av tauverk, strengare krav til utsortering av glas og metallemballasje, plast o.l..

Gebyrregulativet for 2023 blir laga når det er fatta endeleg budsjettvedtak.

Kvalitetssikre tallmateriale før vedtak på neste møte.

Saksbehandling:

Styret ynskjer at det vert sjekka med kommunene kva som er brukt som deflator for løns og prisvekst samt rentesatsar på lån.

Styret ba administrasjonen kvalitetssikre personalkostnader på bakgrunn av nyansettelsar og gjennomført lønnsøkning.

Budsjett for 2023 må sjåast i sammenheng med økonomiplan. Det er viktig at budsjett og økonomiplan gir en jevn gebyrutvikling. Det kan medføre ein noko høgare gebyrøkning enn forutsatt i budsjettet.

Styret ynskjer at kontaktutval vert innkalla, gjennomgå økonomiplan/budsjett. Dette er viktig slik at ledelsen i kommunen er kjent med budsjett før dette behandles på det forestående møte i representantskapet,

Vedtak:

På neste møte vedtek styret budsjettet og gebyrregulativet for 2023 – med dei endringane som kom fram på møtet. Gebyrregulativet blir deretter sendt vidare til kommunestyra i eigarkommunane for endeleg vedtak der.

SAK NR S28/22
ØKONOMIPLAN 2023 – 2026

I forslaget til økonomiplan for perioden 2024 - 2026 finn ein følgjande hovudpunkt:

Ønskelig med ein lav gebyrauke, men det betydeleg auka kostnadsnivået gjer det vanskeleg å unngå ein gebyrauke framover i perioden for å unngå at sjølvkostfondet vert redusert for mykje.

Ein må ta høgde for varig auka driftskostnader i åra framover
Drivstoff, forventa lønsvekst, auka rentenivå og generell vekst på varer og tenester. Dette må gjenspeilast i gebyra

- 1% auke i gebyr for 2023 og ei forholdsvis låg men jamn utvikling i renovasjonsgebyret på hushaldning i økonomiplanperioden. Dette for å halde fram utan for store hopp opp eller ned. Eit solid sjølvkostfond har gitt rom for låg gebyrauke innanfor hushaldning i dei næraste åra. Målet er heile tida nullgebyrvekst men uvanleg høg auke i driftskostnader inneværande år gjer det vanskeleg å unngå ein svak og jamn stigning i gebyr.
- Inntektene for hushaldning er stabile og for næring vil inntektene truleg være gode i økonomiplanperioden. Ein vesentleg del av dette skyldast fortsatt gode prisar på enkelte fraksjonar samt at vi som selskap stadig vert dyktigare og i større grad får betalt for fraksjonane istaden for å måtte betale for å verte kvitt avfallet. Året som har gått har imidlertid vist at det er vanskeleg å prissette dette nøyaktig i budsjettet, grunna store svingningar i prisane på dei enkelte fraksjonane. Om selskapet ynskjer er det stort potensiale i å vekse innanfor næringssegmentet.

Saksbehandling:

Administrasjonen vil rette økonomiplan mht feilskriving i årstall.

Styret ønska ikkje ei gebyrutvikling som innebærer eit negativt sjølvkostfond. Det skal foreslås gebyrøkingar som sikrar jevn gebyrutvikling. Ulike alternative løysningar vert vurdert, f.eks 2% 2023, 2,5% resten av perioden. (abbonentvekst på 0,5% kjem i tillegg). Det visast for øvrig til det som er protokollert vedr. budsjettet for 2022.

Styret ba administrasjonen sjekke opp mot relevante kilder for å fastsette gebyrøking og endringar i satsar.

Vedtak:

Styret tek gjennomgangen av økonomiplanen til orientering.
På neste møte vedtar styret økonomiplanen for perioden 2023 - 2026 – med dei endringane som kom fram på møtet.

SAK NR S29/22
DAGLEG LEIAR ORIENTERER

Dagleg leiar orienterte om følgende:

- Status Eidet
 - o Tilbod ute til fem tilbydarar, Bucci har lågaste tilbod på utarbeiding av reguleringsplan.
 - o Arbeidet opp mot kommuna, oppstart av reguleringsplan er i gang.
- Status Fløstranda.
 - o Sikringsarbeidet i Fløstranda er i full gong trass uventa forsinkelsar i løyveprosessen.
- Status medarbeidarundersøkelse og prosessen vidare
 - o Undersøkelse/grunnlagsdata innhenta og første allmøte og gruppearbeid er gjennomført.
- Status sidelastarprosjektet
 - o Lange leveringstider på bilar grunna verdssituasjonen
 - o Tidligaste oppstart årskiftet 2023/24
- Lønsoppgjeret 2022
- Personalsituasjon/sjukemeldingar
- Organisasjon
 - o Status stillingar, utlysing ny stilling som driftsleiar innhenting/miljøstasjonar

Tilråding til vedtak:

Styret tek orienteringa til vitande


George Fulford
styreleiar


Camilla Storøy
nestleiar


Margareth Leinebø


Anne Holstad


Arnljot Muren


Kjartan Grimstad


Bjarte Uglum

Arnstein Myklebust
Dagleg leiar